

Rannveig og Jostein Tjore

Littlevika 59

5914 ISDALSTØ

4.09.17

Radøy kommune

5936 MANGER

### **SØKNAD OM DISPENSASJON FOR BYGGING AV VÅNINGSHUS INNANFOR 100M-BELTET, BRUK 74,2**

Vi søker hermed om å få byggja våningshus innanfor 100 m-beltet på gard 74,2 (Lyseknappen) Vi kjøpte eigendomen i 2005 og har hittil bygt reiskapshus, 2 garasjar og utbetra naustet. Dette er gjort etter tidlegare søknad og godkjenning. Dessutan er grunnmur for bustadhus godkjent og oppført. Av ulike årsaker har bygginga av huset vorte utsett slik at vi no må til med ny søknad.

Grunnmurane til huset står ganske identisk med plasseringa til det gamle våningshuset, som etter søknad vart rive for å gi plass til eit meir moderne og tenleg hus.

Vi vil gjerne busetja oss på garden vår i Lyseknappen og ta vare på dei kulturminner og den historie som er knytt til denne garden. Huset vil liggja på den opprinnelege hustomten og skapa eit komplett tun i omgivnader der det har stått hus sidan seint på 1800-talet. Det har ingen ruvande fasader og vil liggja fint i terrenget. Vi kan ikkje sjå at huset er til hinder for nokon form for allmenn tilgong i området eller på nokon måte er til skade for landbruket på garden. Snarare tvert i mot – at ein kan bu på garden gjer det sjølv sagt lettare med den daglege skjøtselen av bruket. Det vil då også vera slik det alltid har vore i Lyseknappen – bustadhus med aktivitet på landbruksområdet og ved sjøen.

Dessutan vil området framstå meir heilskapleg med eit våningshus som «motoren» i bygningsmassen. Elles vil det nesten sjå litt rart ut – reiskapshus, garasje, hage, men manglande hovudbygning!

Vi vonar de ser nytten av at det er hus og folk på permanent basis i Lyseknappen, slik det alltid har vore, og ser fram til svar frå dykk.

Med helsing

*Rannveig & Jostein Tjore*  
*Jostein Tjore*  
Rannveig og Jostein Tjore

Vedlegg:

Nabovarsel

Teikningar og kart

Godkjenning frå Havnevesenet